

Oslo, 14. juni 2007

Til
Olje- og energiminister Odd Roger Enoksen
Norges vassdrags- og energidirektorat
Statnett

Meir kabling av kraftliner

Landsmøtet i Norges Naturvernforbund, samla på Torpo 1.-3. juni, har merka seg at protestane er massive mot den store kraftlina som Statnett har planlagt frå Sogn til Møre. Om planen kjem frå papiret til terrenget, vert den 300 kilometer lange luftlina frå Fardal til Ørskog det største naturinngrepet i Sogn og Fjordane nokon gong.

Lina vil gå gjennom landskap som er eineståande i verda, krysse fleire verna vassdrag og andre verna eller inngrepsfrie område. Dei kjende og negative konsekvensane for liv og landskap vert enorme, og mange er ukjende fordi vurderingane byggjer på sporadisk kunnskap om kva artar og naturtypar som finst. Ingen kan på sakleg grunnlag avvise redselen for alvorlege helseeffektar hos dei som vert buande nær lina. Det finst ikkje avbøtande tiltak som reduserer skadane vesentleg.

Planen er djupt urettferdig. Lina skal først og fremst føre kraft til industri som ligg langt vekke frå inngrepet, mellom anna gassterminalen Ormen Lange. Dei som får nytte av lina, er heilt andre enn dei som får alle ulempene av det enorme naturinngrepet. Mange må betale dyrt for eit evig tap, men ikkje dei som gjer inngrepet.


Når Statnett kjem fram til at det er for dyrt å legge lina som sjøkabel i staden for over land, har dei sett fullstendig vekk frå alle miljøkostnader. Dei samanliknar berre investeringane i eit alternativ utan kjende miljøkostnader i det heile, dvs. sjøkabel, med ein billegare luftledning som har enorme miljøkostnader for all framtid. Store naturinngrep og verditap for mange titusen menneske som bur langs traseen, er ikkje med i kalkylen. Ein rettsstat kan ikkje ta seg til rette gjennom direkte overgrep mot uskulde partar.

Dersom overføringa mellom Fardal og Ørskog skal komme, er det berre sjøkabel heile vegen som er mogeleg å forsvare, på same måte som mellom Eidfjord og Samnanger.

Landsmøtet i Norges Naturvernforbund har med glede merka seg at så mange parti har gått inn for å endre dagens urimeleg restriktive haldning til kabling, at det er fleirtal på Stortinget for ein ny politikk. Vi krev at regjeringa straks legg fram for Stortinget eit forslag som gjev forvaltninga og Statnett retningsliner om meir bruk av kabling av store kraftliner.

Statnett og dei som har nytte av krafta, må betale kostnadane med kabling i tråd med prinsippet om at den som ureinar, skal betale kostnadane med å reinse.

For Norges Naturvernforbund sitt sentralstyre

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Lars Haltbrekken', followed by a long horizontal line extending to the right.

Lars Haltbrekken
leiar